



Lovvedtak 56

(2009–2010)

(Første gangs behandling av lovvedtak)

Innst. 274 L (2009–2010), jf. Prop. 102 L (2009–2010)

I Stortingets møte 8. juni 2010 ble det gjort slikt

vedtak til lov

om endringer i lov 15. mai 1987 nr. 21 om film og videogram

I

I lov 15. mai 1987 nr. 21 om film og videogram blir det gjort følgende endringer:

§ 2 første ledd skal lyde:

Framsyning av film eller videogram i næring må ikke skje utan løyve frå kommunestyret eller den kommunestyret har gitt *fullmakt*.

§ 2 andre ledd andre punktum skal lyde:

Løyvet kan nektast eller trekkjast attende dersom løyvehavaren bryt reglar i denne lova eller i forskrifter til denne lova, straffelova §§ 204, 204 a eller 382 eller bryt vilkår som er sette ved tildeling av løyvet.

§ 2 femte ledd blir oppheva. Noverande sjetten ledd blir nytt femte ledd.

§ 4 tredje ledd skal lyde:

Medietilsynet må ikkje godkjenne for framsyning i næring bilete som tilsynet meiner strir mot § 13a eller straffelova §§ 204 a eller 382.

§ 7 andre ledd tredje og fjerde punktum skal lyde:

Eit videogram som Medietilsynet meiner er i strid med reglane i straffelova §§ 204, 204 a eller 382 kan ikkje registrerast. Det same gjeld videogram som

er funne rettsstridig ved dom, vedteke førelegg eller som etter avgjerd av påtalemakta eller tingretten skal inndragast eller sperrast fordi det er eller kan vere i strid med reglane i straffelova §§ 204, 204 a eller 382.

Ny § 9 skal lyde:

§ 9 Aldersgrenser ved omsetning av videogram

Det kan ikkje omsetjast videogram til personar som er yngre enn den aldersgrensa som er sett av distributøren.

Ved omsetning av videogram over disk skal den som omset videogram til kunden, ha fylt 18 år.

§ 14 første ledd første punktum skal lyde:

Ansvarleg leiar for eit distributørfirma kan straffast med bot eller fengsel opptil tre månader om han i næring omset videogram som han kunne straffast for etter §§ 204, 204 a eller 382 i straffelova om han hadde kjent til innhaldet.

§ 15 første ledd skal lyde:

Den som driv omsetning av film eller videogram som er sperra eller indrege som stridande mot §§ 204, 204 a eller 382 i straffelova for mindre enn 15 år sidan, kan straffast med bot eller fengsel opptil tre månader. Medverknad blir ikkje straffa.

§ 16 første ledd skal lyde:

Ein film eller eit videogram som heilt eller delvis er i strid med §§ 204, 204 a eller 382 i straffelova, kan ved dom inndragast utan omsyn til om nokon kan straffast.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.

Dag Terje Andersen
president